



**Arkiv:**  
**JournalpostID:** 22/11556  
**Saksbehandlar:** Njell Hoftun  
**Dato:** 21.09.2022

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 54/22	Nærings- og utviklingsutvalet	03.10.2022

### Kommuneplan arealdelen - oppstart og planprogram

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 11-12 kunngjer Sykkylven kommune oppstart av rullering av kommuneplanen – arealdelen.

Rulleringa gjeld landareal innanfor gjeldande kommuneplan – arealdelen.

Prosessen skal samtidig samordne planføresegner for kommuneplan-arealdelen og kommunedelplanane for sentrum-lkornnes og for Straumgjerde.

Utkast til planprogram for rulleringa vert lagt ut til offentleg høyring i samsvar med krava i plan- og bygningslova. Høyringsfrist er 4.novemeber 2022.

#### Nærings- og utviklingsutvalet - 54/22

### NU - behandling:

Samfunnsplanleggar Njell Hoftun orienterte og svara på spørsmål.

Utvalet drøfta saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### NU - Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 11-12 kunngjer Sykkylven kommune oppstart av rullering av kommuneplanen – arealdelen.

Rulleringa gjeld landareal innanfor gjeldande kommuneplan – arealdelen.

Prosessen skal samtidig samordne planføresegner for kommuneplan-arealdelen og kommunedelplanane for sentrum-lkornnes og for Straumgjerde.

Utkast til planprogram for rulleringa vert lagt ut til offentleg høyring i samsvar med krava i plan- og bygningslova. Høyringsfrist er 24.novemeber 2022.

### Saksutgreiing

#### Bakgrunn for saka

I planstrategi for Sykkylven kommune 2021-2023 (Kst-sak 13/21) er det vedtatt å starte rullering av

kommuneplanen - arealdelen i løpet av 2022. Gjeldande plan vart vedtatt i 2013.

Jamfør reglane i plan- og bygningslova er første steg kunngjering av oppstart (§ 11-12) og utarbeiding av planprogram (§ 11-13). Planprogrammet skal leggast ut på høyring før vedtak.

Ulikskapar i føresegner for ulike delplanar oppstår grunna utarbeiding til ulike tider. Dette gjer at ein samtidig med rulleringa av arealdelen, også bør samordne og tilpasse føresegnene for delplanane for sentrum-Ikornnes og for Straumgjerde i prosessen.

### **Saksopplysningar**

Kunngjering av oppstart skal gi berørte partar moglegheit til å kome tidleg inn i prosessen med innspel.

Proessen er styrt av reglane i plan- og bygningslova. Planprogrammet gjer greie for korleis planprosessen er lagt opp, bakgrunn, målsettingar, rammer og utfordringar, viktige tema som skal utgreiast mm. Gjennom høyring skal berørte partar få høve til å påverke planprosessen.

Forskrift om konsekvensutgreiing krev at alle arealendringar skal konsekvensvurderast for ei rekkje tema. Det skal også gjerast ei samla vurdering av planen sin konsekvens for same tema. På kommuneplan-nivå kan ein i stor grad nytte eksisterande kunnskapskjelder i vurderingane. Spesielt for denne rulleringa er at det skal gjerast ei særskildt vurdering av klimeverknadar av alle endringar og av samla plan. Kommunen har fått tilskot for å kunne hente inn ekstern fagkompetanse til dette (Klimasatsmidlar).

Kommuneplanen dekker heile kommunen unntatt områda med eigne kommunedelplanar:

Kommunedelplan for sentrum-Ikornnes (vedtatt 2019)

Kommunedelplan for Straumgjede (vedtatt 2017)

Kommunedelplan for områda kring Nysætervatnet (vedtatt 2014, rullering 2023)

Interkommunal delplan for sjøareala (pågåande arbeid)

Kommunedelplanane skal framleis gjelde og vert ikkje omfatta av rulleringa. Rullering av delplan for Nysæterområdet er vedtatt oppstart i 2023 (planstrategi 2020-2023).

For Storfjorden har kommunestyret vedtatt at Sykkylven inngår samarbeid med Stranda kommune og Fjord kommune om ein felles plan for sjøareala (Kst-sak 13/21). Planen er under arbeid.

Planprosessen legg opp til vedtak av ny arealplan hausten 2023. Høyringsinnspel og eventuelle motsegner vil avgjere om det blir behov for ein andre høyringsrunde.

I planprosessen legg ein opp til samordning av føresegner for ny kommuneplan-arealdelen, og føresegnene for delplanane for sentrum-Ikornnes og for Straumgjerde.

Gjeldande kommuneplan-arealdelen, og kommunedelplanar ligg på kommunen si heimeside under [kommuneplan](#).

### **Vurdering**

Gjeldande plan er frå 2013. Samfunnet har endra seg mykje sidan den gong. Planprogrammet peikar på nye utfordringar som gjeldande plan ikkje svarar godt nok på:

- FNs berekraftsmål – økonomi, miljø, samfunn/menneske.
- Klimagassutslepp.
- Samfunnstryggleik og tilpassingar til endra klima.
- Omstillingsbehov i næringslivet.
- Forventa nedgang i folketalet.
- Folkehelse, demografiske endringar, attraktivitet.

Folketalet i Sykkylven hatt ein svak nedgang dei siste åra, etter mange år med jamn vekst. Samtidig aukar andelen eldre over 80 år. Kommunen blir i aukande grad avhengig av tilflytting for å unngå ytterlegare nedgang. Prognosen frå Statistisk sentralbyrå seier at desse utviklingstrekk vil halde fram.

Kommuneplanen må oppdaterast og tilpassast denne endringa, og samtidig legge til rette for at utviklinga blir betre enn prognosen tilseier.

Gjeldande plan inneheld arealreservar til bustadbygging som ikkje er tatt i bruk. Gjennom rullering av kommunedelplanane har kommunen starta ei opprydding der ueigna bustadareal ut frå dagens krav vert tatt ut. Denne prosessen bør vidareførast for kommuneplanen.

Kommuneplan og kommunedelplanane har vore separate prosessar med ulikt vedtaksår. For arealbruk har ikkje dette mykje å seie, men for føresegnene fører det til enkelte forskjellar i ordlyd og formuleringar. Dette er gjerne små forskjellar, men det vil likevel vere praktisk å samordne føresegnene.

I denne prosessen legg ein derfor opp til at ein også justerer føresegnene for delplanane for sentrum-Ikornnes (2019) og for Straumgjerde (2017).

Delplan for Nysætervatnet er spesielt retta mot fritidsbustadar og har ikkje same behov for samordning.

Ordninga med komunedelplanar oppstod i si tid ut frå eit behov for hyppigare rulleringar i dei mest tettbygde områda i kommunen. Rullering av arealdelen må sjåast i nær samanheng med delplanane. I desse ligg senterstruktur og tyngda av busetting og næringsliv. Planane må vere samordna på ein slik måte at dei saman bidreg til at kommunen utviklar seg i ønska retning. På sikt bør truleg delplanane og arealdelen slåast saman til ein plan.

### **Økonomiske konsekvenser**

Prosesen har mindre kostnadar knytt til kunngjeringar, møteaktivitet og anna.

Tilskot frå Miljødirektoratet (Klimasats kr 150.000) blir brukt til innleige av fagkunnskap på klimavurderingar.

Kostnadar til kartproduksjon er anslagsvis kr 100.000,- i løpet av prosessen.

Bente Glomset Vikhagen  
kommunedirektør

Bjarte Hovland  
einingsleiar tekniske tenester

### **Vedlegg:**

Planprogram kommuneplan arealdelen - høyringsutkast